



KARBONADE
400 g. Fokkett, 199

MINST
-20% PÅ 100
SUNNERE VARER!

Gjokers-
KUTTEN!

KIWI PRISGARANTIE
"VI GIR OSS
ALDRI
PÅ PRIS"

SPAR 22%
Før: 81,90
63⁹⁰



Næringsliv →

Bygdefolket kan juble - no blir nærbutikken døgnopen

Joker Dagali har fått endra salsløyve og kan starte døgnopen butikk med sjølvbetening.



Ny kjøpmann på Joker Dagali. FOTO: HENNING MYNTEVIK



Anna Huseby
Journalist

Oppdatert: 12 timer siden

Joker Dagali blir den neste nærbutikken i rekka som kan halde opent døgnet rundt. Løysinga er å bli ein delvis fjernbetjent butikk, eit steg fleire har tatt før dei.

Det vil seie at kundane kan handle også når dei tilsette ikkje er til stades. Du skannar bankkortet for å kome inn, registrerer varene du skal handle og les av kvitteringa på veg ut.

ARTIKKELEN FORTSETTER UNDER ANNONSEN



Næringslokale til leie

Sundrevegen, Ål. Opptil 300 m².

[Les mer](#)



LES OGSÅ:



No har dei fått døgnopen matbutikk - og ei livreddande gåve frå naboen!

Løysinga gjer det mogeleg å ha rause opningstider sjølv om staben er liten.

– Poenget med delvis fjernbetjent butikk er å kunne vere ubemanna og korte ned på kjernetida, seier kjøpmann Helene Sønstebø.



Joker Robru har blitt døgnopen og delvis fjernbetjent. Dei manglar likevel løyve til å selje alkohol når tilsette ikkje er i butikken. I Dagali har dei på si side fått grønt lys. **FOTO: ANNA HUSEBY**

Ja til alkoholsal

Ho står for meste i butikken sjølv men har to personar som kan trå til ved behov.

– Likevel er det veldig sårbart viss eg til dømes blir sjuk, seier ho.

Ein vesentleg ting som måtte vere på plass var eit endra salsløyve frå Hol kommune som opnar for at kundar kan handle alkohol via sjølvbetening. Heilt frislepp blir det likevel ikkje:

Salet må godkjennast via fjernstyring ved at ein tilsett undersøker kunden og legitimasjon gjennom eit kamera. Dei faste salstidene for alkohol står uendra.

LES OGSÅ:



Slik fungerer alkoholsal i sjølvbetent butikk: – Godt innanfor lovverket

ARTIKKELEN FORTSETTER UNDER ANNONSEN



I desse dagar førebur Sønstebo seg på nyopning, som skal vere den 19. september. Då vil teknologien som trengst vere på plass.

– Det blir ikkje store oppussinga, men det blir litt ommøblering. I tillegg må me ha ølskap med tidsstyrte låsar slik at det ikkje er fysisk mogeleg å kome inn til alkoholen utanom salstidene.



Helene Sønnebø har tatt over som kjøpmann på Joker Dagali, og kan snart invitere til døgnoopen butikk.
FOTO: HENNING MYNTEVIK

Skal framleis jobbe

Sønnebø fortel at responsen frå kundane har vore god etter at dei delte nyheita på sosiale medier.

– Veldig mange er positive og gler seg til me kjem i gang. Nokre er sjølvstakt skeptiske til nye ting, men det er naturleg.

Ho understrekar at ho skal vere til stades og hjelpe dei kundane som treng det med opplæring. Dessutan blir det ikkje folketomt på Jokerbutikken.

– Me vil framleis vere bemanna mellom 09.00 og 15.00 eller 16.00.

Butikken vil halde stengt nokre få dagar før nyopninga.

Ulike tolkingar


I sommar kunne Hallingdølen skrive at kommunane tolkar regelverket rundt alkoholsal ulikt. Ål kommune har stilt seg positive til løysinga som er skildra over. I Gol valde politkarane på si side å avslå Joker Robru søknad om å endre salsløyve. Dei baserte avgjerda på klare signal frå Helsedirektoratet, som meiner ein ikkje opererer i tråd med lovverket viss alkohol blir seld utan at tilsette er fysisk til stades.



Finn Hugo Amundsen
Salgsleder Mo i Rana

Se bolig >

TIL SALGS



LES OGSÅ:



Gol sa nei - Ål sa ja. Slik argumenterer politikerane

Dette herskar det ulike meiningar om, og i ettertid har politikerane i Gol vore på synfaring på Robru for å lære meir om systema som blir brukt. Butikken har nemleg klaga på vedtaket og vil prøve å få gjennomslag slik som i nabokommunane.

Skulle politikerane i Hol sagt nei, slik dei gjorde i Gol, ville ting ha vore annleis for Sønstebø.

– Utan det løyvet måtte me ha vore på jobb gjennom heile salstida for alkohol. Då er halve poenget bak delvis fjernbetjent butikk borte, seier kjøpmannen. Ho er derfor glad for utfallet.

Publisert: 7. september 2025 kl. 20:08

Oppdatert: 12 timer siden

UTFORSK TEMA

HOL

BUTIKK

ALKOHOL

BUTIKKER

BUTIKK

DAGLIGVAREBRANSJEN

< 7/31 >



Tilkallingsvikar Gol helsetun
Demensomsorgen

📍 Gol ⌚ 31.12.2025

Tilkallingsvikar Institusjon
2025

📍 Gol ⌚ 31.12.2025

Engasjement som
fritidskontakt/stø
ved Miljøterapi

📍 Gol ⌚ 31.12.2025